



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Aandahl, Roald	Arkivkode: GBNR - 30/43
Arkivsaksnr: 17/983	Løpenr: 18/3345
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	17.04.2018	003/2018

Dispensasjon frå krav om reguleringsplan og rekkjefølgjekrav for gnrbnr 30/43

17.04.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet røysta over rådmannen sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

NAT- 003/2018 Vedtak:

Med heimel i pbl. §19-2 gis det dispensasjon frå plankravet, og rekkjefølgjekravet om ny vegtilkomst i kommuneplanen sin arealdel 2017-2027 for oppføring av hytte på gnrbnr. 30/43. Dette er ein frådelt tomt som ligg i utkanten av planområdet. Tiltaket vil ikkje vere til hinder for framtidig regulering av området, og det vurderast at planstatusen vil vere lik etter ein eventuell framtidig regulering.

Dispensasjonen er gitt på følgjande vilkår.

Eigedom 30/43 skal vere part i framtidig utbyggingsavtale om utbetring av vegtilkomst.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i pbl. §19-2 gis det dispensasjon frå plankravet, og rekkjefølgjekravet om ny vegtilkomst i kommuneplanen sin arealdel 2017-2027 for oppføring av hytte på gnrbnr. 30/43. Dette er ein frådelt tomt som ligg i utkanten av planområdet. Tiltaket vil ikkje vere til hinder for framtidig regulering av området, og det vurderast at planstatusen vil vere lik etter ein eventuell framtidig regulering.

Dispensasjonen er gitt på følgjande vilkår.

Eigedom 30/43 skal vere part i framtidig utbyggingsavtale om utbetring av vegtilkomst.

Dokument som ikkje er vedlagt:

(slett denne teksten dersom du ikkje viser til dokument som ikkje er vedlagt)

Kva saka gjeld:

Det er søkt dispensasjon frå plankravet, og rekkjefølgjekravet om sikker vegtilkomst i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av fritidsbustad på frådelt tomt.

Vurderingar og konsekvensar:

Tomten vart frådelt i 1986 og tiltakshavar ønskjer no å byggje hytte på eigedomen. Eigedomen ligg i område F05 – noverande område for fritidsbustader med omsynssone H810_13 – krav om reguleringsplan. Det ligg eit rekkjefølgjekrav om at det skal vere sikker vegtilkomst før utbygging kan finne stad. Tomten ligg heilt i sørenden av utbyggingsområdet, og vart frådelt i 1986. Tiltaket vil ikkje hindre framtidig regulering av området, då det er avgrensa moglegheiter for kva ein kan gjera på sørsida av vegen. Det er ein tomt til på sørsida av vegen, og ein eventuell dispensasjon kan skape presedens for den einskilte tomten. For resten av planområdet er situasjonen ein anna. Der er det kun ein frådelt ubygd tomt, men denne har ikkje vegtilkomst. Normalt ville det vert teikna utbyggingsavtale som sikra at ein del av vegen vart bygd ut. Men for berre ein tomt er det betre at det vert stilt krav om at eigedomen tek sin del av kostnaden ved framtidig regulering av området. Det er difor sett som vilkår at eigedom 30/40 skal vere part i framtidig utbyggingsavtale. Administrasjonen kan ikkje sjå at utbyggings situasjonen vert annleis om området vert regulert og finn difor å kunne tilrå dispensasjonen

